Vedtekter for Bø Turlag

(Vedtatt xx.xx.xxxx)

§ 1 Formål og organisasjon

§1.1 Formål

Bø Turlag er eit lokallag i DNT Telemark. Bø Turlag skal arbeide for eit enkelt, aktivt, allsidig og naturvennleg friluftsliv, for sikring av allemannsretten og friluftslivets natur- og kulturgrunnlag.

§ 1.2 Organisasjon

Namnet på turlaget er Bø Turlag, forkorta BøT. Laget i nåverande form er ei vidareføring av Bø Turlag, som vart stifta 25.03.1976. Turlaget skal verke innanfor tidlegare Bø kommune og i den delen av tidlegare Sauherad kommune som ikkje blir dekt av Gvarv Turlag.[1]

Bø Turlag er ein sjølveigande og frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld. Turlaget er ein integrert del av DNT Telemark. Verksemda i Bø Turlag skal skje i samsvar med vedtektene til DNT Telemark. Aktivitetane skal til ein kvar tid skje innanfor rammene av føringane til DNT Telemark og vere i samsvar med retningslinjer/samarbeidsavtale inngått mellom partane.

Bø Turlag blir representert i DNT gjennom DNT Telemark.

§ 1.3 Medlemskap

Medlemskap i Bø Turlag er ope for alle enkeltpersonar som ønsker å bli medlem. Medlemmer av DNT er alle som har betalt kontingent til DNT, fram til utmelding skjer, eller medlemmen blir stroken som følge av manglande innbetaling av kontingent. Kontingenten blir fastsett av DNT sentralt.

Alle medlemmer i DNT Telemark er automatisk òg medlem i Bø Turlag, dersom dei bur i kommunen og ikkje reserverer seg mot medlemskap. Medlemmer av DNT som er busette utanfor kommunen, kan bli medlem i lokallaget, om dei ønsker det.

Medlemmene har framleggs- og stemmerett på årsmøtet, og dei kan bli valde til alle tillitsverv i alle ledd frå det året dei fyller 15 år.

Alle medlemmer av DNT har medlemsrettar ved besøk på alle hytter som blir drivne av DNT, og ved deltaking på turar, kurs og andre tilbod i regi av DNT.

[1] *Gvarv Turlag dekker Skåråfjell og tidlegare Sauheraddelen av Breisås.*

§ 2 Årsmøtet

§2.1 Øvste myndigheit

Årsmøtet er det høgaste organet i Bø Turlag.

§ 2.2 Deltaking og stemmerett

Ingen har meir enn éi stemme, og avstemming kan ikkje skje ved fullmakt. Vedtak blir gjorde med fleirtal av dei gitte stemmene. Styret i DNT Telemark har framleggs- og talerett under årsmøtet. Berre betalande medlemmer i DNT har stemmerett på møtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller medium til å vere til stades.

§ 2.3 Innkalling og fristar

Årsmøtet skal bli halde innan utgangen av februar. Saker som skal bli behandla på årsmøtet, må vere styret i hende seinast fire veker før årsmøtet. Årsmøtet skal bli kunngjort seinast tre veker før møtet. Fullstendig sakliste må vere tilgjengeleg for medlemmene seinast éi veke før årsmøtet og skal innehalde tid, stad, sakliste og andre opplysningar om møtet.

§ 2.4 Oppgåvene til årsmøtet

Det ordinære årsmøtet skal:

1. Velje møteleiar
2. Godkjenne innkallinga
3. Velje referent
4. Velje to til å skrive under protokollen
5. Godkjenne årsmeldinga frå styret
6. Godkjenne rekneskapen
7. Godkjenne arbeidsprogrammet
8. Godkjenne driftsbudsjettet
9. Behandle innkomne forslag.
10. Velje:
    - Styreleiar
    - Styremedlemmer
    - Revisor for eitt år
    - Val av representantar i Bø Løypelag
    - Val av valnemnd

§ 2.5 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte blir halde, når styret bestemmer det, eller når minst ein tredel av dei stemmeføre medlemmene krev det.

Det blir kalla inn på same måte som til ordinært årsmøte, med minst 14 dagars varsel. Eit ekstraordinært årsmøte kan berre behandle og ta avgjerd i dei sakene som er kunngjorde i innkallinga.

§ 3 Styret

§ 3.1 Myndigheit og oppgåver for styret

Styret skal leie verksemda i laget gjennom året i samsvar med vedtekter, utarbeide årsprogram og det som elles blir bestemt på årsmøtet. Styret er bunde av dei retningslinjene, samarbeidsavtalane og andre vedtaka som styret i DNT Telemark har gjort.

§ 3.2 Samansetting og val av styret

Styret skal ha leiar, sekretær, kasserar, turområdeansvarleg og to til fire styremedlemmer. Leiar og styremedlemmer blir valde for to år om gongen, slik at ein eller fleire styremedlemmer alltid er på val. Dersom ein styremedlem går ut utanom tur, blir ein nytt styremedlem vald i staden berre for den tida som står att av valperioden til vedkommande.

Valet skal vere skriftleg, når det er fleire kandidatar enn verv.

§ 3.3 Arbeidet til styret

Styret skal bli kalla inn så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når fleirtalet av styremedlemmene krev det. Styret er vedtaksført, når tre medlemmer og leiar er til stades. Ved likskap av stemmer er stemma til leiaren avgjerande. Styret er den øvste myndigheit mellom årsmøta. Det skal bli ført referat frå styremøtet.

Styret skal:

1. Sette i verk vedtaka frå årsmøtet.
2. Oppnemne komitear, utval eller personar etter behov til særskilde oppgåver og utarbeide instruks for desse.
3. Administrere og føre nødvendig kontroll med økonomien til turlaget i samsvar med dei til kvar tid gjeldande instruksane og føresegnene.
4. Samarbeide med andre organisasjonar og institusjonar - offentlege eller frivillige - for å nå formålet med laget.
5. Argumentere for interessene til friluftslivet i relevante politiske saker.

§ 3.4 Godtgjersle til tillitsvalde

Tillitsvalde skal ikkje få honorar for verva sine.

§ 3.5 Signatur

Bø Turlag blir forplikta ved underskrift av leiaren og eitt av dei andre styremedlemmene i fellesskap.

§ 4 Valnemnd

§ 4.1 Samansetting og val av valnemnda

Valnemnda skal ha tre medlemmer. Valet gjeld for tre år av gongen, men slik at eit av medlemmene, den som har sete lengst, trer ut kvart år. Leiar er den som er på val same år. Styret legg fram forslag til medlemmer.

§ 4.2 Myndigheit og oppgåver for valnemnda

Valnemnda skal innstille til val av styret, revisor og representantar til Bø Løypelag.

Årsmøtet fastset retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

§ 5 Bø Løypelag

Årsmøtet vel to personar i styret til Bø Løypelag for to år. Kvart år er ein medlem på val. Dei representerer interessene til Bø Turlag i Bø Løypelag.

§ 6 Inhabilitet

Ein medlem av styret, eller andre tillitsvalde i lokallaget, kan ikkje vere med på å behandle eller avgjere spørsmål der vedkommande, eller nærståande til vedkommande, må bli rekna å ha ei klar personleg eller økonomisk særinteresse i saka. Ved avgjerd om nokon er nærståande etter denne regelen, gjeld reglane i aksjelova tilsvarande.

§ 7 Heidersteikn

Styret kan tildele heidersteikn, eller æresmedlemskap, til personar som har gjort ein særskild innsats for Bø Turlag. Styret kan oppnemne eit utval som innstiller æresmedlemmer og kandidatar til heidersteikn overfor styret.

§ 8 Brot på regelverket til DNT

Medlemmer i Bø Turlag som gjer grove brot på det etiske regelverket til DNT, slik det er vedtatt av organa i DNT, kan få ei irettesetting, miste retten til tillitsverv eller miste retten til medlemskap i laget/foreininga. Styret kan behandle slike saker. Ein medlem som har fått slike sanksjonar, kan bringe saka inn for landsstyret, eller domsutvalet, til endeleg avgjerd i samsvar med DNT sine vedtekter § 12.2.

§ 9 Oppløysing

Bø Turlag kan bli løyst opp på årsmøtet med minst 2/3 fleirtal. Dersom Bø Turlag blir oppløyst, skal midla til turlaget bli overførte til DNT Telemark.

§ 10 Endringar av vedtekter

Vedtektene kan bli endra ved vedtak på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Endringar av vedtekter skal vere førte opp på saklista og krev 2/3 fleirtal av dei gitte stemmene.